



Notat

Vår referanse
19/17251 20/23147

Din referanse

Sakshandsamar
Berit Lyngstad

Dato
01.12.2020

Orientering formannskapet - KS tapte i Arbeidsretten

Viser til sak 16/19 i formannskapet 26.11.2019 og vedtak i Kommunestyret i sak 56/19 12.12..2019 om Kontoradministrasjonen si arbeidstid i nye Volda kommune.

Bakgrunn:

- Gamle Hornindal og Volda kommune hadde ulik arbeidstid for kontortilsette, også kalla kontoradministrasjonen.
- Hovudtariffavtalen kap 1, §4, punkt 4.2/4.2.1 gjer at arbeidsgivar ikkje einssidig kan endre arbeidstida til denne gruppa tilsette
- Det vart nedsatt ei lokal arbeidsgruppe og gjennomført drøftingar mellom partane, men ein vart ikkje einige om ny felles arbeidstid for gruppa kontortilsette.
- KS sendte 03.04.2019 ut eit brev til Fellesnemndene i alle samanslåingsprosjekt der dei konkluserte med: «*KS vil presisere at det ikke er anledning til å fastsette en annen arbeidstidsordning (enn 37,5 timer) for kontoradministrasjonen i en sammenslått kommune eller fylkeskommune.*»
- På bakgrunn av KS sitt skriv valde arbeidsgivar å fremje forslag om endra normalarbeidstid som vart vedteken av kommunestyret
- Arbeidstakarorganisasjonane lokalt ba om usejeprotokoll
- Nasjonalt gjekk Delta og LO/Fagforbundet til sak mot KS

- Dom i Arbeidsretten 16.11.2020:
 - ensidig økning av ordinær arbeidstid for ansatte i kontoradministrasjonen er tariffstridig
 - KS pålegges med alle tilgjengelige midler å sørge for at tariffstridig endring (...) reverseres
 - (kommunene) pålegges å etterbetale berørte ansatte

Dei berørte tilsette i nye Volda kommune er:

- alle kontortilsette i gamle Volda som fekk redusert perioden med sommartid (200 pers)
- alle kontortilsette i gamle Hornindal som fekk auka ordinær arbeidstid (hadde betalt matpause) (20 pers)

I tillegg hadde tilsette i Pleie og omsorg, samt Hornindal barnehage, betalt matpause. Desse gruppene har etter HTA *ikkje* rett til å behalde denne ordninga.

Arbeidsgivar har tatt initiativ til og gjennomført eit første drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane.

Fram til ein er einige om ei eventuell felles arbeidstid for kontortilsette vil ein frå 01.12.2020 operere med tre ulike arbeidstidsordningar i Volda kommune:

Volda kommune	www.volda.kommune.no	Sentralbord:	70 05 87 00
Stormyra 2	postmottak@volda.kommune.no	Org. nr:	939 760 946
6100 Volda		Kontonr:	3991.11.94590

- kontortilsette frå Hornindal beheld si gamle ordning
- kontortilsette frå Volda kommune beheld si gamle ordning
- dei som er tilsett i 2020 går etter arbeidstid vedteken i kommunestyret 12.12.2019.

Med helsing

Berit Lyngstad
personalsjef

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur